

# Program 2018



## Ishavsmuseet Aarvak

[www.ishavsmuseet.no](http://www.ishavsmuseet.no)

Ishavsmuseet Aarvak ynskjer velkomne til eit variert program på museet i 2018. Vi har eit godt og variert tilbod til både små og store utetter året. Fleire arrangement vil kome til.

**Kvar torsdag** frå 8. februar til 28. juni: **Potetball buffet** med godt tilbehør kl. 14.00-18.00

**Fredag 23. februar kl. 19.00**

Polarkveld: **Idar Eklund** med foredraget «Polarsirkel»/«Asbjørn» frå vugge til grav. Bl.a om forliset der mannskapet vart berga av «Flømann» frå Hareid

Servering to retters middag: Forrett med røykt selkjøt, hovudrett klippfisk med tilbehør etter foredraget.

**Fredag 16. mars kl. 19.00**

Polarkveld: **Polfarar Børge Ousland** held foredrag. Han har ei rekke ekspedisjonar, i områder som Grønland, Nordpolen, Frans Josef land, Antarktis, Arktis, Den patagonske innlandsis og nordpassasjene. National Geographic har tidligare tittelert han som årets foredragshaldar.

Servering to retters middag: hovudrett med steik av moskus og tilbehør, dessert heimelaga karamellpudding og kaffi etter foredraget.

**Søndag 15. april kl. 13.00**

Sesongopning med søndagsmiddag, kaffi og dessert.  
Film i foredragssalen.

**Fredag 20. april kl. 19.00**

Polarkveld: **Marit Karlsen Brandal** «Eit år på Gråhuken». Foredrag om Marit og Steinulf si overvintring i Gråhuken på Svalbard.

Boksignering og sal.

Servering av boknasild og mjølkesupe etter foredraget

**Tysdag 1. mai kl. 13.00**

Søndagsmiddag og film i foredragssalen.

**Torsdag 10. mai kl. 13.00**

Potetball med alt av godt tilbehør i kafeen.

**Torsdag 17. mai kl. 13.00**

Familiebuffet med varme og kalde rettar, dessert og kake.

**Laurdag 9. juni.** Lunsj i kafeen kl. 12-16.

Omvising i museet kl. 14.00, film i foredragssalen.

**Sankthansaftan laurdag 23. juni kl. 14.00-18.00**

Rjomegraut i kafeen.

**Søndag 1. juli**

Gudsteneste frå dekk på «Aarvak» kl. 12.00

Søndagsmiddag med sosakjøtt og riskrem i kafeen.

**31. august til 2. september: Brandalsdagane**

**Søndag 2. september** Familiesøndag med aktivitetar og søndagsmiddag kl. 13-17.

**Fredag 14. september kl. 19.00**

Polarkveld: Polarguide og Svalbardmann **Hallvard Holm** med foredrag om Roald Amundsen. Det er i år 90 år sidan han kom vekk. Servering av Bacalao-buffet, kvit og raud, i kafeen etter foredraget.

**Fredag 12. oktober kl. 19.00**

Polarkveld: Polarforfattar **Alexander Wisting** held foredrag om Otto Sverdrup  
Servering i kafeen etter foredraget

**Søndag 21. oktober frå kl. 13.00**

Søndagsmiddag og film i foredragssalen.

**Fredag 2. November kl. 19.00**

Polarkveld. Burny Iversen med foredrag om levande fangst av isbjørn.  
Kvar vart dei av? Kven kjøpte, kva vart dei brukte til?  
Servering etter foredraget

**Fredag 9. november kl. 19.00**

Lutafisk-kveld. Ishavsmuseets Venner byr inn til etargilde med Lutafisk og alt godt av tilbehør.

**Laurdag 17. og søndag 18. november**

**Julemesse.** Den populære og årvisse kunst og håndtverksmessas er opa laurdag kl. 11-17 og søndag 12-17. Middag, kaffi og kaker.

**Kvar torsdag frå 30. august til 6. desember: Potetball buffet** med godt tilbehør kl. 14.00-18.00

For meir detaljert og utvida program, følg med på [www.ishavsmuseet.no](http://www.ishavsmuseet.no) og på facebook [www.facebook.com/aarvak](https://www.facebook.com/aarvak)

Stor takk til våre samarbeidspartnarar i 2018:

